



## SAMARBEIDSAVTALE MELLOM VOSS HERAD OG HELSE BERGEN HF

### Revidert avtale gjeldande frå 1.1.2020

#### 1. Partane i avtalen

Denne avtalen er inngått mellom Helse Bergen HF og Voss herad i kraft av rolla heradet har som vertskommune for Voss interkommunale legevakt.

Denne avtalen vert inngått som fylgje av at Voss herad har inngått ein revidert samarbeidsavtale med kommunane Ulvik, Eidfjord og Vaksdal om felles legevakttenester gjeldande frå 01.01.2020. Kvam herad inngår i samarbeidet på natt. Det vert i denne samanheng vist til den reviderte utgåva av «Vertskommuneavtalen om Voss interkommunal legevakt», heretter kalla IKL-avtalen.

Voss herad er vertskommune for Voss interkommunale legevakt.

Voss interkommunale legevakt består av Voss legevaktstasjon og Voss legevaktsentral.

Voss interkommunale legevakt utgjer ein del av det interkommunale legevaktsnettverket Hardanger og Voss legevaktdistrikt, som er eit fagleg nettverk for legevakta til kommunane i Odda og Voss lokalsjukehusområde. Målet med nettverket er å styrkja det faglege innhaldet i legevakttenestene til kommunane som deltek.

Hardanger og Voss legevaktdistrikt har tre legevaktstasjonar og tre legevaktsentralar. Desse er lokalisert i Odda, Voss og Nordheimsund. Kvar av legevaktsentralane/stasjonane skal ha ein eigen administrativ leiar og ein medisinsk ansvarleg lege.

Hardanger og Voss legevaktdistrikt har felles legevaktsjef. Legevaktsjefen leiar fagrådet for legevaktdistriktet.

Denne avtalen regulerer spesifikt tilhøvet mellom Voss interkommunale legevakt, som med Voss legevaktstasjon og Voss legevaktsentral fysisk er lokalisert i lokala til Voss sjukehus, og Voss sjukehus. Sjå **vedlegg A4** for organisering.

Voss herad (som vertskommune for Voss interkommunale legevakt) og Helse Bergen HF er partar i avtalen.

#### 2. Bakgrunn og heimel for avtalen

Heradet si plikt til å etablere legevakt og legevaktsentralar er heimla i Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-2 og 4-1. Kravet til å organisera forsvarlege helsetenester inneber mellom anna at tenesta må organiserast slik at helsepersonellet vert i stand til å overhalda sine lovpålagte plikter jf. helsepersonellova § 16.



Forskrift om fastlegeordning i kommunane pålegg fastlegar å delta i kommunen si organiserte akutthjelp - tilbod i kontortid, og å vera tilgjengeleg i helseradionettet / nødnettet § 13.

Kommunane skal syta for at AMK-sentralen og legevaktsentralen kan koma i kontakt med fastlegane innanfor avtalt opningstid. Legevaktlegen skal vera tilgjengeleg heile døgnet heile året på naudnettet.

Voss interkommunale legevakt er fysisk lokalisert i Voss sjukehus, samlokalisert med akuttmottaket ved sjukehuset.

Legevaktsentralen skal ta imot henvendelsar til legevakta heile døgnet på felles legevaktsnummer for alle kommunar tilslutta Legevaktsentralen.

Legevaktsentralen skal til ei kvar tid ha oversikt over vaktlistar for kommunane/legane som deltek i dette samarbeidet.

Legevaktsentralen skal bemannast med helsepersonell med spesialopplæring og etter nærare avtale mellom partane.

Føremål med avtalen er å:

- Sikra at folkesetnaden i legevaktdistriktet kan oppnå kontakt med og få hjelp av helsepersonell med prehospitalt ansvar ihht lovverket. Legevaktspersonell skal utan opphald kunna handtera forventa aktivitetsomfang døgnet rundt.
- Synleggjera ansvar og oppgåvefordeling mellom vertskommunen og Voss sjukehus.
- Sikra forsvarleg samhandling og kommunikasjonsutveksling mellom partane i avtalen.

### **3. Verkeområde for avtalen**

Avtalen skal regulera fordeling av ansvar og oppgåver knytt til drift av Voss legevaktsentral/Voss legevaktstasjon ved Voss sjukehus samt rammevilkår for denne.

### **4. Tidspunkt for oppstart av avtalen**

Denne reviderte utgåva av avtalen trer i kraft 1. januar 2020 og erstattar tidlegare versjon.

### **5. Ansvar og oppgåvefordeling**



### Vertskommunen:

- Har ansvar for økonomi, driftsbudsjett og eventuelt investeringsbehov
- Har ansvar for medisinsk fagleg innhald i tenesta inkludert vaktplanar for legane
- Har ansvar for dei organisatoriske og faglege prosedyrane i legevakttenesta, jf. IKL-avtalen punkt 7.5
- Skal sørge for at legane tilslutta Voss interkommunale legevakt får naudsynt opplæring i dei organisatoriske og administrative prosedyrane som til ei kvar tid gjeld for legevakta
- Skal etablere eit samarbeidsutval mellom vertskommunen og Voss sjukehus med fast agenda og møtetid, samt kalle inn til møta. For samarbeidsutvalets samansetning, føremål og mandat vert det vist til **vedlegg A1**
- Skal rekruttere og tilsetja legevaktsjef for Hardanger og Voss legevaktdistrikt, sjå vedlegg B
- Skal rekruttere og tilsetja ein medisinsk ansvarleg lege for Voss interkommunale legevakt, sjå **vedlegg A2**
- Har gjennom medisinsk ansvarleg lege ansvar og mynde knytt til vakthavande legar. Den enkelte kommune som deltek i legevaktsamarbeidet har arbeidsgjevaransvaret for eigne legar; jf. IKL-avtalen punkt 9
- Har ved den administrative leiaren det overordna ansvaret for drift og administrative oppgåver.
- Skal utarbeida årsrapport for Voss interkommunale legevakt innan 15. februar påfølgjande år, jf. IKL-avtalen pkt. 20.3

### Voss sjukehus:

- Pliktar å drifra Voss interkommunale legevakt i tråd med nasjonale krav og lovverk i tråd med denne avtalen
- Har ansvar for å utarbeida forslag til spesifisert driftsbudsjett om verksemda innan 20. august; ref. IKL-avtalen punkt 17.1. Forslaget vert utarbeidd i samarbeid med økonomiavdelinga i Voss herad.
- Skal rapportera månadsvis rekneskapstal for sin del av verksemda til økonomisjef for Helse- og omsorg i vertskommunen innan den 10. i påfølgjande månad
- Har ansvar for innkjøp og klargjering av naudsynt teknisk utstyr til Voss interkommunale legevakt.
- Har ansvar for innkjøp av naudsynt forbruksmateriell inkl. medikament. Dette vert attestert og tilvist i tråd med rutinar for Voss herad.
- Rekruttere og tilsetja autorisert støttepersonell som avtalt med vertskommunen og har arbeidsgjevaransvar for desse. For avtalt bemanning vert det vist til **vedlegg A7**
- Skal ved avdelingssjukepleiar ivareta dagleg drift og administrative oppgåver på mandat frå administrativ leiar, Avdelingssjukepleiar si stillingsbeskriving er vedlagt, sjå **vedlegg A3**



- Skal sørge for at støttepersonell får naudsynt opplæring til å utføre sine pålagde oppgåver
- Skal delta i og ha medansvar for utarbeiding av rutinar og prosedyrar
- Skal delta med personell til samarbeidsutvalet omtalt over

### 6. Informasjon og kommunikasjon

For å sikre god samhandling og informasjonsflyt mellom partane skal det vera fylgjande faste møtepunkt:

- Driftsmøte mellom administrativ leiar, medisinsk ansvarleg lege, avdelingsleiar og legevaktsjef 1-2 gonger i månaden.
- Samarbeidsutvalsmøte ein gong i kvartalet. Samarbeidsutvalet tener også som Legevakta sitt kvalitetsutval.

For å sikra god oversikt over vaktlistar og deltakande legar ved Voss interkommunale legevakt velja eit elektronisk styringsverktøy.

For å sikre god informasjon til publikum skal vertskommunen fortløpande ajourføre ei eiga internettside for Voss interkommunale legevakt, ref. IKL-avtalen punkt 7.6.3

### 7. Økonomi

Voss herad og Voss sjukehus deler lønnsutgiftene til støttepersonell 50-50. Dette gjeld faste stillingar og variable lønskostnader.

Voss herad og Voss sjukehus deler 50-50 internfakturert husleige frå Helse Bergen HF for eit areal på 221,53 kvadratmeter. Ved avtaleinngåing utgjør dette for Voss herad sin del kr 1.551,- per kvadratmeter per år, sjå **vedlegg A5 og A6**. Husleiga inkluderer vedlikehald, straum, kommunale avgifter og fri bruk av all relevant infrastruktur.

Nokre driftskostnader, som reinhaldsutgifter og kurs- og reisebudsjett, vert fordelt 50-50.

Løn til legevaktsjef, medisinsk ansvarleg lege, vakthavande legar og administrativ leiar vert utbetalt av vertskapskommunen. All løn til støttepersonell som Voss sjukehus har arbeidsgjevaransvar for skal utbetalast av Voss sjukehus. Alle driftskostnader som ikkje etter særskilt avtale skal gjerast opp av Voss herad direkte, vert gjort opp av Voss sjukehus.

Voss sjukehus fakturerer Voss herad å-konto per måned for utgiftsrefusjon i samsvar med vedtatt budsjett. Fordeling av eit eventuelt over-/underskot skal gjerast etter årets slutt og innan utgangen av januar. Vesentlege avvik frå budsjett er gjenstand for drøftingar mellom partane.





## 8. Evaluering og rapportering

- Voss sjukehus skal månadsvis rapportera aktivitetsdata frå Voss legevaktstasjon/legevaktsentral som inkluderer:
- Resultat mot budsjett
- Tal avvik/klager
- Generelle aktivitetsdata

## 9. Varigheit, iverksetjing, revisjon og oppseiing

- Denne avtalen kan seiast opp med eitt (-1-) års skriftleg varsel; jf. IKL-avtalen punkt 22.2.2
- Avtalen vert fornya automatisk for eitt (-1-) kalenderår om gongen dersom den ikkje er sagt opp innan 31. desember inneverande år.
- Avtalen kan reviderast ved samrøystes tilslutnad frå samarbeidsutvalet, direktør ved Voss sjukehus og kommunalsjef for helse og omsorg i vertskommunen.
- Ved tvist om avtalen skal dette søkjast løyst gjennom drøftingar mellom partane. Nordhordland Tingrett vert avtalt som verneting dersom tvisten ikkje kan løysast gjennom drøftingar.
- Avtalen kan seiast opp med tre månaders varsel dersom ein av partane vesentleg mislegheld sine forpliktingar.

Voss, 31.12.2019

---

Voss Sjukehus  
(vertskommune)

Voss herad